

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato	23.04.2025
Vår referanse	2025/28353-5
Dykkar referanse	890c7939-bf86-4dac-8027-
Sakshandsamar	6a966d154a09
E-post	Siri.Hanson
Telefon	Siri.Hanson@vlfk.no

Høring - søknad - økt slukeevne - Kvåle kraftverk - Luster kommune

Oppsummert administrativt innspel frå Vestland fylkeskommune

Vi legg til grunn at søkjar og energimynde har set seg inn i Regional plan for fornybar energi 2023-2035, Regional plan for klima 2022-2035 og Regional plan for vassforvalting for Vestland vassregion 2022-2027.

Vi vurderer det som lite sannsynleg at tiltaket vil føre til endring i det økologiske potensialet i vassdraget, men ønskjer å gjere merksam på at slike små justeringar òg kan ha ein viss betydning i eit større bilete – særleg i vassdrag med fleire inngrep eller reguleringar. Det kan derfor vere nyttig at slike vurderingar i større grad blir sett i samanheng med samla belastning, der dette er relevant.

Vi har ingen merknadar knytt til kulturminne

Bakgrunn

NVE har sendt søknad om auka sluktevne for Kvåle Kraftverk i Luster kommune på høyring med frist 01.5 2025

Skildring av tiltaket

NVE har motteke søknad frå Småkraft AS, datert 17.3.2021, om løyve etter vassressurslova til å auke slukeevna i Kvåle kraftverk til 5,45 m³ /s.

Konsesjonsgitt slukeevne er på 5,2 m³ /s. Endringa vil auke produksjon med 0,3 GWh/år. En auke i slukeevne vil redusere antal dagar der vassføringa er større enn største slukeevne, slik at det blir færre dagar med overløp.

Vurdering

Fornybar energi

Hovudmålet i Regional plan for fornybar energi 2023-2035 (fornybarplanen) er at vi har energioverskot frå fornybare energikjelder og ei robust kraftforsyning som bidreg til grøn verdiskaping. Fylkeskommunen er difor i utgangspunktet positiv til auka produksjon av fornybar kraft.

Kulturminne og kulturmiljø

Retningslinje 33 i fornybarplanen seier at ein i område med direkte tilknytning til verneverdige kulturminne og kulturmiljø skal ein vise varsemd med løyve til ny kraftutbygging.

Vi ber om at ein under opparbeiding av tiltaksområdet må søkje å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, ruinar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter, m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og arbeidet stansast til funnet er vurdert.

Vi har elles ingen merknadar knytt til automatisk freda kulturminne.

Vassmiljø

Vi viser til søknad om auka slukeevne for Kvåle kraftverk i Luster kommune. Vestland fylkeskommune er vassregionmynde etter vassforskrifta, og uttaler seg i denne samanhengen med utgangspunkt i miljømåla for sterkt modifiserte vassførekomstar (SMVF).

Dalsdalselvi er registrert som ei SMVF med godt økologisk potensial (GØP). Ifølge regional vassforvaltningsplan er ein av hovudutfordringane i fylket å nå eller halde på dette potensialet i modifiserte vassførekomstar. Det er derfor viktig at nye tiltak ikkje bidreg til å forringe tilstanden der miljømåla allereie er nådd.

Vi merkar oss at konsekvensvurderinga konkluderer med ubetydelig påverknad på det akvatiske naturmiljøet. Samtidig vil vi peike på at ei auke i maksimal slukeevne medfører noko færre dagar med overløp, og dermed mindre variasjon i vasstanden nedstrøms inntaket. Sjølv om endringa er liten, kan redusert hydrologisk variasjon over tid påverke økologiske forhold som ikkje nødvendigvis blir fanga opp gjennom snittdata eller vurderingar av minstevassføring åleine.

Vi vurderer det som lite sannsynleg at tiltaket vil føre til endring i det økologiske potensialet i vassdraget, men ønskjer å gjere merksam på at slike små justeringar òg kan ha ein viss betydning i eit større bilete – særleg i vassdrag med fleire inngrep eller reguleringar. Det kan derfor vere nyttig at slike vurderingar i større grad blir sett i samanheng med samla belastning, der dette er relevant.

Med helsing

Sølve Dag Sundbø
seksjonsleiar
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Siri Hanson
seniorrådgjevar
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

LUSTER KOMMUNE - ADMINISTRASJON

Postboks 77

6866

GAUPNE

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER